

Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!

Tips vippes

Du kan vippse bidraget ditt

Beitostølen Løypeforening: 97670
Yddin og Javnlie Løypelag: 100781
Melladn Turløyper: 79234

Til alle dykk som likar å gå på ski

Eg trur og håpar mange set pris på dei flotte løypene vi har i Øystre Slidre. Det ligg ein betydeleg innsats frå løypelaga bak dei fine spora vi har så mange mil av.

Kommune vår er på 963 km², med det lægste punkt i søraust på 410 moh, og det høgste punktet Øystre Rasletind som ruvar 2010 moh. Nesten 3/4 av arealet vårt ligg over 900 moh. Det aller meste av dette arealet er dekket med snø nesten halve året. Mange av oss ser fram til denne årstida, då snøen ligg som eit teppe over landskapet. Kan det blir vakre enn når solskinet glitrar i snøen, eller når månelysset skin ein kald og klar vinterkveld. Vi legg kanskje ekstra godt merke til kor vakker naturen er, når vi kjem ut på ski.

Mange set stor pris på å ha skiløyper å gå i. Diverre snør det ikkje skispor. Det er nok slik at vi er avhengige av eit betydeleg arbeid, og eit godt samarbeid for at vi skal ha flotte skispor. Det er **Beitostølen Løypeforening**, **Yddin og Javnlie Løypelag** og **Melladn turløyper**, som kvar vinter syter for at vi alle har eit løypenett som går gjennom heile kommunen.

For at det skal vere mogeleg å klargjere, og halde løypenettet i god stand, trengs det pengar til løypelaga. Løypekjøring blir finansiert gjennom eit spleiselag mellom næringslivet, kommunen og ikkje minst frå frivillige løypebidrag frå deltidsinnbyggjarar og fastbuande som likar å gå på ski.

Øystre Slidre kommune brukar av eigedomsskatten, og har i økonomiplanen for 2021-2024 sett kr 320 000,- kvart år til leie av grunn for skiløyper, og kr 750 000,- kvart år til løypekjøring.

Det er viktig at alle vi som brukar løypene, er med og betalar løypebidrag. Då gjev vi løypelaga våre moglegheita til å preparere gode løyper i heile kommunen. Gode løyper er grunnlaget for alle dei fine turane vi kan gå på ski i Øystre Slidre.

Takk til dykk som har gjeve løypebidrag tidlegare, vi håpar det vil vera med også i år på spleiselaget.

Med ynskje om ein flott skitur!

Odd Erik Holden

Ordførar Øystre Slidre kommune

Saman med løypekartet gjev **fargekoding og nummerering** av løyper sikker orientering uavhengig av kart-ferdigheiter og språk, samtidig som det er stor fleksibilitet i høve til planlegging av egne turar.

Barn kan føle seg utrygge i løypene pga. lause hundar, det er difor innført **utvida bandtvang** i delar av løypenettet. Sjå kommunen si heimeside og oppslag i løypene for meir info om kva for løyper dette gjeld.

Nokre løyper er skuterpreparerte løyper for køyring med **hundespann**. På enkelte strekningar går desse løypene parallelt med skiløypa. Det er viktig at skiløparar på desse strekningane har kontroll på egne hundar for å unngå problem eller skader.

Kommunen har eit tilbod med tidlegløyper og vårløyper på Valdresflye, som er med å forlenger og gir eit fantastisk tilbod til dei som er glad i å gå på ski. Dette set reiselivsproduktet i kommunen i ein særstilling, og er med og gir opplevinga ein enda større dimensjon. Kommunen arbeider også aktivt med og legg til rette gode stiar om sommaren.

Skiløypekart på nett finn du her:

www.skisporet.no
www.yddin.net

www.oystre-slidre.kommune.no
www.beitolangrenn.no

www.melladn.leirin-skiløyper.no

Gå inn på www.skisporet.no/oppland for å sjå kvar og når skiløypene er preparert.


Melladn Turløyper har ansvar for skiløypene i sør frå kommunegrensa mot Nord Aurdal og til nordenden av Yddin. På kartet og i terrenget er løypene nummerert **27** og **30-39** og har ulike fargekoding.

Heimeside:

melladn.leirin-skiloyper.no

Kontonr: **2135.30.34550**

Anbefalt beløp: 1000,- pr hytte/husstand.



Yddin og Javnlie løypelag preparerer løypene mellom Javnlie og Yddin. På kartet og i terrenget er løypene nummerert frå **20-29** og har ulike fargekoding. Øvre Danebuløype (R0) har ny trase (B27) frå Selstøshøgda til Skatrudstølen (B30). Heimeside: www.yddin.net

Kontonummer: **2135.35.26577**, skriv namn og adresse / hytteområde og e-postadresse.

Anbefalt beløp: 1000,- pr. hytte / husstand.

Dei ynskjer seg fleire **medlemmer** i løypelaget, sjekk heimesida for informasjon.




Beitostølen Løypeforening har ansvar for skiløypene på Beitostølen og mot Javnlie og i Raudalen. Det er og dei som preparerer på Valdresflye. På kartet og i terrenget er løypene nummerert frå **1-10** og har ulike fargekoding.

Heimeside: www.beitolangrenn.no





















Kontonummer: **2135.35.44974**.


Anbefalt beløp er 950,- pr. hytte / husstand, for den summen kan du og bli medlem i **Løypeklubben** og få eit fordelskort som gir deg rabatter på varer og tenester. Med fordelskortet tjener du raskt opp beløpet du betalar til løypeforeninga, samtidig som du får flotte oppkjøpte løyper. Les om meir om løypeklubben på www.beitolangrenn.no/loypeklubben





Tegnforklaring

-  Kommunegrense
-  Svært krevende fjelløype - periodevis maskinpreparert
-  Svært krevende fjelløype - periodevis snøscooterpreparert
-  Svært krevende fjelløype - stikka
-  Krevende fjelløype - maskinpreparert
-  Krevende fjelløype periodevis maskinpreparert
-  Krevende fjelløype - periodevis snøscooterpreparert
-  Krevende fjelløype - stikka
-  Middels krevende løype - maskinpreparert
-  Middels krevende løype - snøscooterpreparert
-  Lysløype
-  Lett skogsløype - maskinpreparert
-  Lett skogsløype - snøscooterpreparert
-  Fargekode og nummer Danebuløypa
-  Fargekode og nummer andre hovedløyper
-  Potensielt rasfarleg område - helning over 30 grader
-  Høydekurve - ekv. 50 m
-  Stølsrend
-  Større hyttegren
-  Åpen bu
-  Varmestue
-  Gapahuk
-  Parkering med/uten avgift
-  Beitstølen sentrum
-  Offentleg veg
-  Privat veg



Grøn eller svart?



Alle løpene i Østre Slidre skal ha fargekoding og nummerering både på kart og på løpestikk i alle løypekryss. Dette er for at du enkelt skal kunne velje ein skitur som er tilpassa deg, og for at du skal føle deg trygg på kvar du er i løypenettet.

Fargekodinga er etter nasjonal standard, og løpene er fargekoda ut ifrå kor krevjande dei er med tanke på høgde, vêrforhold og terreng:

Grøne løyper (G) – skjerma skogsløyper i lett terreng. Utan «plogbakke» eller «fiskebeins-bakke».

Blå løyper (B) – middels krevjande løyper i fjellskogen og lågfjellet.

Raude løyper (R) – krevjande løyper på snaufjellet samt andre løyper med stadvis svært krevjande utforkøyringar. Større krav til ferdigheiter, kondisjon og utstyr. Løypene kan ligge i områder utan mobildekning.

Svarte løyper (S) – svært krevjande løyper i høgfjellet for erfarne og godt trenna skiløparar. Kunnskap om kart og kompass, og